



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Deres ref

Vår ref

Dato

2023/5526-TOVST

30.05.2023

Høyrings svar frå UiB: Forslag om forenklingar i forskrifter om rammeplanar for lærarutdanningane

Vi viser til brev datert 21. april, knytt til høyring om framlegg til forenklingar av rammeplanar for lærar- og lektorutdanningar. UiB er glade for initiativet om forenkling i forskriftene, og for intensjonen om at institusjonane skal ha auka moglegheiter for fleksibilitet i å vidareutvikle utdanningane.

Vedlagt fylgjer UiB sine innspel.

Generelt om prosessen

UiB har følgd arbeidet med rammeplanforenklingar tett bl.a. gjennom deltaking i UHR-lærarutdanning og nasjonalt fagorgan for lektorutdanning og PPU. Vi har òg hatt direkte kontakt med andre lektorutdanningsinstitusjonar om saka.

UiB konsentrerer seg om dei rammeplanane som er knytte til rammeplanar for lektorutdanning 8–13 og for PPU-A.

I høyringsdokumenta blir det vist til justeringsframlegg som UHR-lærarutdanning har kome med. Generelt har rammeplanutvalet i liten grad gitt støtte til desse framlegga, og viser til at endringane her vil vere substansielle. I følgje mandatet for rammeplanutvalet skal ein i denne fasen fokusere på tiltak som kan bidra til forenkling ved å fjerne det som blir opplevd som strukturelle hinder for kvalitet i utdanningane, men ikkje gjere substansielle endringar.

Merknader til høyringsnotatet

Merknadene nedanfor følgjer nummereringa i høyringsnotatet.

1. Innpass av fag og utdanningar i lærerutdanningane

Kommentar:

Framlegg til endringar av krav til fagdidaktikk frå tidlegare utdanning vil i denne samanhengen gjelde rammeplanar for GLU og LUPE. I desse utdanningane er fagdidaktikk integrert i studiefaget. I lektorutdanninga og PPU er derimot minstekrav til omfanget av fagdidaktikk definert gjennom talet på studiepoeng, og vi føreset at det skal vere slik. Her er det såleis ikkje føremålstenleg å presisere at utdanning som skal innpassast, skal innehalde

desse elementa. Vi ser det vidare som sjølvsgatt at studentane i desse utdanningane skal ha tilstrekkeleg omfang av praksis og fagdidaktikk, med utgangspunktet i institusjonane sine kompetansekrav.

2. Praksis

Kommentar:

Vårt generelle utgangspunkt når det gjelder praksis i lektorutdanninga, er at praksis blir fordelt utover studieløpet slik at det er lagt til rette for integrasjon, progresjon og variasjon i praksisopplæringa. Samtidig må ein ta omsyn til kompleksiteten i lektorutdanninga: Ein er i lektorutdanninga avhengig av sambruk med andre studieprogram når det gjeld disiplinlege emne, og det fører til logistiske utfordringar. Krav om praksis i fire av fem år går inn i ei kjede av krav og rammevilkår som samla sett gjer utdanninga rigid og komplisert. Det er utfordrande å lage eit godt studiedesign for lektorutdanninga når krava til fordeling av tidspunkt for praksis blir for detaljerte.

Difor vil UiB kome med sitt eige framlegg til forenkling av §3 i rammeplan for lektorutdanninga, nemleg at krav om praksis i minst fire av fem studieår blir endra til praksis i minst tre av fem studieår: «Praksisopplæringa skal fordeles over minst tre av fem studieår.»

Ei slik forenkling vil bidra til å halde oppe eit minimumskrav om fordeling, samtidig som ein tek vare på omsynet til fleksibilitet for institusjonane.

Vi støttar *ikkje* framlegget frå utvalet om å fjerne progresjonskrav i praksis, dvs. at det ikkje skal forskriftsfestast at studentar skal ha godkjent praksis i studieåret før dei kan gå vidare i praksisopplæringa. Her ser vi fleire utfordringar med manglande praksiskompetanse og praksisprogresjon hos studentane, og vi trur at det òg får konsekvensar for dei faglege prestasjonane. Desse utfordringane kan utdanningsinstitusjonar i og for seg løyse med å innføre interne progresjonskrav. Det må i så fall institusjonane vere i sin rett til å gjere. Samtidig er det uheldig at det nasjonalt kan bli skapt forventingar som ikkje bidreg til å styrkje kvaliteten i utdanninga. Vi vil såleis tilrå at dette framlegget frå utvalet ikkje blir godkjent av Kunnskapsdepartementet.

Kunnskapsdepartementets tilleggsspørsmål til høringsinstansene:

- a) *Er profesjonsrettingen av utdanningen, og samhandlingen med praksisfeltet, nå god nok til at vi kan redusere føringer om praksis i alle fag?*

Kommentar:

Nei. Framlegget om å ikkje ha tydelege krav til praksis *i fag*, er uheldig, fordi det bryt med prinsippet om tett samheng mellom studiefag og praksis. Framlegget er uheldig ikkje berre for *disiplinfaga/studiefaga* som kan få ei meir lausriven rolle, men òg for kvaliteten i *praksis* sidan den kan bli mindre knytt til studiefaget.

Vi kjem difor med følgjande endringsframlegg til formulering: «Praksisopplæringa skal være knyttet til studentens fag I, fag II og profesjonsfag, og bidra til at studentene utvikler evnen til å utforske, reflektere over og utvikle egen profesjonsutøvelse.»

- b) *Hva mener høringsinstansene om forslaget om at praksis ikke skal være et absolutt krav i alle fag, men tilpasses studentenes fagvalg, versus kravet om praksis for godkjenning av tidligere utdanning, jf. punkt 1?*

Kommentar:

Vi ser det som nødvendig at praksis i lektorutdanning og PPU skal være knytt til studiefaget til studentane. Vi viser til dei same kommentarane som er gitt for pkt. a ovanfor.

- c) *Ser høringsinstansene noen implikasjoner av forslaget om at all praksis skal være veiledet og vurdert?*

Kommentar:

Vi ser det som eit generelt prinsipp at all praksis i lærar- og lektorutdanninga skal vere rettleidd og kunne bli vurdert, og konstaterer at det heller ikkje ligg føre framlegg til endringar på dette punktet når det gjeld lektorutdanning og PPU.

- d) *Hva mener instansene om endringsforslagene som gjelder praksis med vekt på overganger i utdanningsløpet (GLU, BLU) og praksis rettet mot ulike studieprogram (PPU, lektor)?*

Kommentar:

Overganger er eit relevant tema i praksisopplæringa. Samtidig vil det vere ei substansiell endring å innføre krav om eit slikt tema som ikkje er nemnt i den eksisterande rammeplanen. Å innføre eit nytt krav representerer ikkje ei forenkling, men ei utviding av krava i rammeplanane. Såleis stiller vi oss undrande til framlegget.

Praksis i ulike studieprogram i vidaregåande opplæring er ønskeleg, og alle lektorutdanningsinstitusjonar bør leggje til rette for at det i størst mogleg grad skal kunne skje. Likevel er det krevjande å få til for alle studentar. Såleis stiller vi oss positive til framlegget frå utvalet om ei forenkling på dette punktet. Det vil seie at det ikkje skal spesifiserast krav om å møte elevar på ulike studieprogram.

- e) *Hvordan mener høringsinstansene at «praksisdelen av utdanningen» bør benevnes?*

Kommentar:

Vi ser det som mest føremålstenleg at termen «praksis» blir brukt, evt. «praksisopplæring». På den måten kan ein understreke samanhengen mellom profesjonsfag og studiefag, slik at praksis ikkje blir forstått som ei autonom eining. Nemninga «praksisstudium» bør ein difor unngå.

3. FoU-oppgave i de femårige utdanningene og vitenskapsteori og metode

Kommentar

Det er ei substansiell endring å gjere namneskifte frå bacheloroppgåve til «FoU-oppgåve», fordi FoU-oppgåver vanlegvis er knytt til integrasjon av praksis og teori, medan krava til bacheloroppgåver er meir opne. Innføring av krav om FoU-oppgåve vil såleis vere meir

innsnevrande. Ei slik endring inneber innføring av eit nytt element i lektorutdanninga, som truleg vil måtte organiserast, rettleiast og vurderast utanom dei etablerte bacheloremna.

Det vil vidare vere ei substansiell endring dersom oppgåva skal bli karakterisert som *profesjonsretta*. I dag er bacheloroppgåvene ved UiB knytte til disiplinfag, og det er disiplinfaglege miljø som gir rettleiing i oppgåvene. Ei endring her vil såleis òg kunne ha ressursmessige implikasjonar.

På denne bakgrunn vil det vere meir føremålstenleg å halde på nemninga bacheloroppgåve *dersom* ein ønskjer å rammeplanfeste krav om ei slik oppgåve på lågare nivå. Samtidig gir nemninga grunnlag for misforståingar når ein ikkje har ein bachelorgrad.

Vi støttar ikkje tilleggsformuleringa frå rammeplanutvalet om at oppgåva skal vere profesjonsretta.

Vi ser det samtidig som ei forenkling dersom den eksisterande bacheloroppgåva ikkje skal vere spesifikt knytt til tredje studieår, men skal kunne skrivast i løpet av dei tre første åra.

Vitskapsteori og metode

Vi støttar framlegget frå utvalet om at vitskapsteori og metode skal introduserast tidleg i lektorutdanninga, ha progresjon og ikkje vere spesifikt kopla til profesjonsfag. Vi oppfattar «tidleg» i denne samanhengen som lågare gradsnivå, og at det difor er opp til institusjonane/fagmiljøa å fastsette kvar faga skal plasserast innanfor desse rammene.

Punkt 4–8

Vi har ingen kommentarar til punkt 4–8.

Venleg helsing

Margareth Hagen
Rektor

Tore Tungodden
fung. universitetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskrevne signaturer.